



AVFALLSPLAN FOR HAMNER OG SMÅBÅTHAMNER I LÆRDAL KOMMUNE

Utarbeida fyrste gong	2019
Sist revidert	Juni 2019
Sist godkjend av Fylkesmannen (FM)	
Er det gjort endringar etter godkjenning av FM, i tråd med anbefalingar av FM?	

Innleiing

Forsøpling til havs er eit aukande nasjonalt og internasjonalt problem. Avfallet kjem frå fleire kjelder, men avfall frå skip og båtar står globalt for omtrent 20 prosent av den marine forsøplinga. Som eit tiltak for å redusere marin forsøpling, er det viktig at båtar leverer avfallet sitt på land og at hamner har tilstrekkeleg mottaksordning for avfall frå båtar som legg til kai.

Føremålet med avfallsplanen er å verna det ytre miljø ved å sikre etablering og drift av tilfredsstillande mottaksordningar for avfall fra småbåtar / lystbåtar, og å sørge for at avfall frå desse vert levert til mottaksordning i hamnene. Planen omfattar avfall som har oppstått om bord i båten.

Krava til avfallsplanar står i ureiningsforskrifta kapittel 20 om levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip. Alle hamner i Noreg har fått krav om å sende avfallsplan til fylkesmannen for godkjenning. Dette er fyrste gongen Lærdal kommune utarbeider ein slik plan. I tillegg til å lage avfallsplan for hamner kommunen driv eller eig, skal kystkommunar lage felles avfallsplan for hamner som i hovudsak tar imot avfall frå fritidsbåtar (småbåthamner). Planen for småbåthamnene skal lagast i samråd med hamneansvarleg for småbåthamnene (driftsansvarleg eller grunneigar). Mottaksordningar for avfallet skal etablerast og drivast i tråd med plan. Det vil framleis vera den enkelte hamneansvarlege som er forplikta til å følgje opp avfallsplanen.

Avfallsplanen er utarbeida av arealplanleggjar, i samråd med tekniske tenester og i dialog med Statens vegvesen og leiar i Lærdal Båteigarlag.

Lærdal, 15.06.19



Dette biletet frå Smøla viser kvifor det er viktig med mottaksordningar for avfall frå skip. Slik ser det ut på stranda mange plassar.

Innhald

1. Generelt.....	4
1.1 Føremål og verkeområde	4
1.2 Ansvar, organisering og plikter.....	4
1.3 Rammeføresetnadar.....	4
1.3.1 MARPOL og EU-direktiv	4
1.3.3 Skipsavfallsdirektivet	5
1.4 Definisjonar	7
2. Oversikt over eksisterande hamner i kommunen og dagens avfallssystem	8
2.1 Eksisterande hamner.....	8
2.2 Eksisterande avfallsordningar	8
2.3 Behov for tiltak	9
2.4 Oppfølging av avfallsplanen	9
Vedlegg 1: Avviksskjema for påstand om utilstrekkelege mottaksforhold av avfall	10

1 Generelt

1.1 Føremål og verkeområde

Føremålet med avfallsplanen er å tilfredstille forskrifta si hensikt med å verna det ytre miljø ved å sikre etablering og drift av tilfredsstillande mottaksordningar for avfall og lasterestar frå skip, og sørge for at avfall og lasterestar frå skip vert vidarelevert til godkjende behandlingsanlegg.

Forskrift om levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip gjeld:

- Alle norske og utanlandske skip, her under fiskefartøy, fritidsbåtar, krigsskip, militære hjelpefartøy eller andre skip som vert eigd eller drive av den norske eller av ein utanlandsk stat, som legg til land i norsk hamn.
- Alle norske hamner som normalt vert nytta av skip som omfattast av 1. kulepunkt.
- Kapittel 3, § 7 og 8, om melding og levering, gjeld for norske skip som nyttar hamn innanfor EØS-området.

1.2 Ansvar, organisering og plikter

Denne planen er forankra i forskrift om avgrensing av ureining (ureiningforskrifta) kapittel 20 (FOR-2004-06-01-931) som omhandlar levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip. Alle kommunar har etter forskrifta ei plikt til å utarbeide ein felles avfallsplan for hamner innad i eigen kommune, både private og kommunale, som hovudsakleg mottek hushaldsavfall (heretter kalla småbåthamner), jf. ureiningsforskrifta § 20-6. Det vil framleis vera den enkelte hamneansvarlege som er forplikta til å følgje opp avfallsplanen.

Skipsførar skal sørge for at avfall og lasterestar frå skipet vert levert til mottaksordning i hamn før avgang med mindre skipet har akseptabel lagringskapasitet for seinare levering.

1.3 Rammeføresetnadar

1.3.1 MARPOL og EU-direktiv

MARPOL 73/78 er en internasjonal konvensjon om hindring av ureining frå skip med seinare endringar som fastset kva slag formar for avfall det er forbudt å sleppe ut i havmiljø, og som krev at det føreligg tilstrekkeleg mottaksanlegg i hamner.

EU har vedteke eit direktiv om mottaksordningar for avfall og lasterestar frå skip (Direktiv 2000/59/EC, av 27.11.2000). Hensikten er å hindre at avfall vert dumpa i sjøen, og for å unngå dette i størst mogleg grad er det lagt opp til moglegheit for ei ikkje-spesifikk avgift (``no special fee``) for levering av avfall.

1.3.2 Ureiningslova m/forskrift om farleg avfall

Forskrifta vart fyrst vedteke 12. oktober 2003 som ei implementering av EUs direktiv om mottaksordningar for avfall og lasterestar frå skip, direktiv 2000/59/EF 27. november 2000, endra ved direktiv 2002/84/EF.

Fram til då hadde kommunane eit ansvar for delar av avfallet som vert rekna som forbruksavfall og som vert levert i hamnane. Etter lovendringa vert dette avfallet rekna som næringsavfall og det vil ikkje vera kommunen som har plikt for mottak og vidarehandtering av dette. Kommunane kan imidlertid velja å tilby tilsvarande teneste.

Forskrift om farleg avfall er heimla i ureiningslova og inneberer at også skip og hamneansvarlege må forhalde seg til denne. Næringsdrivande farleg avfall skal deklarerere mengde og type på eige skjema. Forskriften er omtala i vedlegg 8 og vist til under pkt. 9.

Av praktiske og kompetansemessige årsakar kan det vera aktuelt at farleg avfall på vegne av skipsførar, vert deklarerert gjennom skipsagenten eller den som tek i mot avfallet. Det kan og vera aktuelt at dei mest vanlege, farlege avfalls-typene som tilsvarar farleg avfall frå hushaldningar, kan leverast udeklarerert til stengde miljøstasjonar og at den vidare deklarerering av det farlege avfallet kan gjerast av innsamlar/godkjent mottakar av avfallet. Ei anna løysing er også bruk av såkalla ``raude boksar» for mindre mengd farleg avfall/elektronikkavfall. Tilbakemelding fra SFT inneber at det må søkast dispensasjon om levering av delar av farleg avfall som omtala ovanfor.

Forskrifta inneber blant anna at:

- Alle hamner skal ha ein avfallsplan som skal utarbeidast i samråd med råka partar, her under spesielt brukarar av hamna. Planen skal verte godkjend av Fylkesmannen minst kvart tredje år.
- Hamneansvarlege må etablere mottaksordningar i medhald til planen.
- Båtførar må gjere seg kjend med kva slag avfallsordningar som er i hamna.
- Dersom båtførar meiner hamna ikkje har tilstrekkelege mottaksforhold for aktuell avfallstype, kan dette meldast inn til hamneansvarleg som etter nærare prosedyrar følgjer opp dette.

Sjøfartsdirektoratet og Fylkesmannen er ansvarleg myndigheit og fører tilsyn med at føresegnene i forskrifta vert følgde.

1.3.3 Skipsavfallsdirektivet

Direktiv/2000/59/EF (skipsavfallsdirektivet) handlar om mottaksanlegg for skipsavfall i hamner, her under skipet si plikt til å levere avfall og til å gje førehandsvarsel om avfallslevering. Direktivet har som målsetting å beskytte havmiljøet ved å redusere utslepp av skipsavfall og lasterestar frå skip, gjennom å betre tilgangen til, og bruken av avfallsmottak.

1.3.4 Avfallsforskrifta

Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall er heimla i ureiningslova og inneberer også at skip og hamneansvarlege må forhalde seg til denne.

Den som har farleg avfall skal deklarerer mengde og type på eige deklarasjonsskjema. Deklareringsplikta gjeld kun for verksemder. For øvrig gjeld det ei plikt for alle til å handtere avfall forsvarleg.

1.3.5 Bransjeavtalar og kjeldesortering

For å gjenvinne visse andelar av embalasjeavfall er det mellom ulike bransjeselskap og Miljøverndepartementet inngått avtalar. Bransjeselskapa forpliktar seg til å arbeide for å materialgjenvinne/energigjenvinne delar av oppstått mengde. Produsentansvar gjennom slike bransjeavtalar er inngått for blant anna: drikkekartong, kartong, papp, plast (folie, flasker/kanner samt EPS) og metallemballasje. Det er ikkje noko pålegg å sørgje for utsortering og levering til etablerte ordningar, men hamnene kan gå i forhandlingar med bransjeselskapa om vilkår for kostnadsdekning av slike innsamlings-/leveringsløyisingar.

For elektriske og elektroniske produkt (EE-avfall) er det også eit produsentansvar som er heimla i eigen forskrift. Denne inneberer ein plikt for dei som omset slike produkt å ta desse i mot uten særskild betaling. Hamneansvarlege må sørgje for å kanalisere slike mottak til godkjende mottaksordningar.

1.3.6 Spesielle lovar, reglar og føresegner for hamner og skip

Nedanfor vert det lista opp enkelte lovar og forskrifter som også regulerer forhold vedrørande avfallshandtering i hamner og på skip, utan at desse vert omtala nærare:

- Lov om Skipssikkerheit (skipssikkerheitslova) av 16. februar 2007 nr. 9
- Lov om Statskontroll med Skibes Sjødyktigheit m.v. av 09.06.03, nr. 7
- Forskrift om forbod mot utslepp av kloakk m.m. fra skip i vassdrag og kystnære område av 12.06.98, nr. 663
- Forskrift om miljømessig sikkerheit for skip og flyttbare innretningar av 30.05.12 nr. 488
- Forskrift om avgrensing av ureining av 1. juni 2004 nr. 931 kap 21 om forbod mot forbrenning til sjøs
- Forskrift om hindring av ureining ved skadelege, flytande stoff som transporterast i bulk av 02.04.87, nr.230
- Forskrift om forbod mot forbrenning til sjøs av 12.04.97, nr.1443
- Forskrift om varsling av akutt ureining eller fare for akutt ureining av 09.07.92, nr.1269
- Forskrift om transport av farleg last om bord på norske skip av 8. des. 2009 nr. 1481
- Eventuelle vedtekter for den enkelte hamn (må ikkje vera motstridande med krav i hht forskrift om levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip)

1.4 Definisjonar

1. *avfall frå skip*: ein kvar form for avfall, her under kloakk, og andre restar enn lasterestar som oppstår medan eit skip er i drift, og som vert omfatta av vedlegga I (olje), IV (kloakk), V (søppel) og VI (utslepp til luft) til MARPOL 73/78,1 og lasterelatert avfall som definert i retningslinene for gjennomføringa av vedlegg V til MARPOL 73/78,
2. *lasterestar*: restar av lastemateriale i lasterom eller tankar etter at lossing og reingjering er avslutta, her under også restmengde og søl ved lasting/lossing,
3. *skip*: ein kvar type sjøgåande fartøy som opererar i det marine miljø, inklusive hydrofoilbåtar, luftputefartøy, undervannsfartøy og flytande innretningar,
4. *fritidsbåt*: ein kvar flytande innretning som er berekna på og i stand til å bevege seg på vatn, og som vert nytta utanfor næringsverksemd,
5. *hamn*: ein stad eller geografisk område som er utstyrt med innretningar og utstyr som gjer det mogleg å motta skip, inkludert fiskefartøy og fritidsfartøy,
6. *norsk hamn*: hamn som er underlagd norsk jurisdiksjon, her under på Svalbard og Jan Mayen
7. *EØS-område*: i denne forskrifta skal ein henvisning til EØS-området også gjelde som en henvisning til Svalbard og Jan Mayen
8. *hamneansvarleg*: den som driv hamna. Der ingen driv hamna, er eigar av hamna å ansjå som hamneansvarleg,
9. *mottaksordning*: ein kvar innretning som er eigna til å motta avfall eller lasterestar frå skip. Dette inkluderer stasjonære innretningar, så vel som flytande og mobile einheitar,
10. *rutegående skip*: skip som transporterer passasjerar eller last mellom bestemte stader eller bestemte strekningar til fastsette tider.

2. Oversikt over eksisterande hamner i kommunen og dagens avfallssystem

2.1 Eksisterande hamner

I oversikta har ein teke med alle hamner og småbåthamner i kommunen, sett vekk frå dei heilt minste private småbåthamnene som er lagt til rette for 1-3 båtar. Desse vert heldt utanfor planen, då ein ikkje ser behov for å leggje til rette for avfallshandtering på desse hamnene. Avfallet som eventuelt måtte kome i land på slike småbåthamner, vil vera naturleg å ta med heim og nytte privat renovasjonsordning.

Kommunen har tre ferjekaier. For desse er Fylkeskommunen eigar, men Statens vegvesen er forvaltar – og dermed sett opp som hamneansvarleg.

NR.	STAD	NAMN	Type	Eigar/Hamneansvarleg
1	Lærdalsøyri	Lærdal hamn	Naud-/verkstadkai for ferje (Fjord 1) og sommarrute Lustrabaatane (Lærdal-Gudvangen). Nokre lastebåtar, men ikkje fast (for eksempel stein, asfalt og liknande)	Kystverket, Statens vegvesen
2	Lærdalsøyri	Lærdal Gjestekai	Plass til 3-4 fritidsbåtar, evt. 1-2 større fritidsbåtar/lystbåtar	Lærdal kommune v/hamnesjef Alf Magne Hjellum
3	Lærdalsøyri	Lærdal Småbåthamn	Om lag 155 plassar til fritidsbåtar og 3 gjesteplassar	Johannes Stundal
4	Frønningen	Frønningen ferjekai	Kai til ferje, sommartrafikk	Statens vegvesen
5	Fodnes	Fodnes Ferjekai	Kai til rutegående ferje	Statens vegvesen

2.2 Eksisterande avfallsordningar

Lærdal hamn (1) og Lærdal gjestehamn (2)

Lærdal hamn er eigd av Kystverket, og Statens vegvesen har bruksrett til å nytte kamna som naudhamn og vedlikehaldshamn for ferjene. Lærdal gjestehamn er ei flytebyggje like ved Lærdal hamn. Desse vert omtala saman sidan dei ligg så nære.

I området er det berre eit søppelspann som kommunen tømmer og leverer på miljøstasjonen som restavfall. Søppelspannet vert ofte fylt, og må tømmast jamnleg. Det er ikkje mottak for anna avfall på hamna, og ingen form for kjeldesortering. For olje og anna farleg avfall, vert det vist til Esso-stasjonen og miljøstasjonen, som er i gåavstand frå hamna. Det har tidlegare ikkje vorte vurdert som naudsynt å ha kjeldesortering på hamna, då den er relativt lite i bruk. Dette bør nok revurderast, med større krav til avfallshandtering og kjeldesortering.

Lærdal småbåthamn (3)

Det er behaldar for restavfall ved småbåthamna (ved naustet). Olje og anna spesialavfall skal leverast på Esso-stasjonen eller miljøstasjonen. Desse ligg i gåavstand frå småbåthamna. Restavfallet er inn under renovasjonsordning i SIMAS, og dunken vert henta av dei.

Dersom det vert etablert kjeldesortering på Lærdal hamn, bør det etablerast skilting til denne i småbåthamna.

Frønningen Ferjekai (4) og Fodnes ferjekai (5)

Fodnes ferjekai har tilfredstillande avfallshandtering på land, og har eigne avfallsplanar for ferjene. Statens vegvesen forvaltar ferjekaia, og har eit godt system for avfallshandteringa med kjeldesortering her. På Frønningen ferjekai er det ingen boshandtering. Grunneigar ser behov for moglegheit for å levere avfall, spesielt for turistar som går i land her både med lystbåt og ferje.

2.3 Behov for tiltak

Det vert vurdert som naudsynt å etablere fylgjande ordningar for avfallshandtering i hamner i kommunen innan 2019:

1. Lærdal hamn og Lærdal gjestehamn:

- etablere kjeldesorteringsplass og renovasjonsordning (SIMAS) for papir, restavfall og matavfall på hamna. Bosdunkane må få fast opparbeidd plass med tak. Kommunen går i dialog med Statens vegvesen om kostnadsfordeling av dette. Det må skiltast i småbåthamna til kjeldesorteringsanlegget.

2. Frønningen ferjekai

- etablere dunk for restavfall og etablere fast ordning for tømning av denne i sommarhalvåret.

2.4 Oppfølging av avfallsplanen

Avfallsplan vert revidert på bakgrunn av endringar som fylgje av nye behov eller gamle fell vekk, endringar i rådevilkår eller andre relevante forhold. Planen vert ajourført kvart tredje år, og sendt inn til Fylkesmannen til no godkjenning etter revidering.

2.5 Handtering av avvik

For å ivareta hamna si plikt jamfør med forskrifta og for å betra standarden på mottaksordninga skal det leggjast til rette for avviksrapportering. Avviksskjema ligg som vedlegg. Avviksskjema skal sendast hamnesjef Alf Magne Hjellum på epost: alf.magne.hjellum@laerdal.kommune.no. Hamneansvarleg journalfører dette og skal innan 3 veker gi tilbakemeld om korleis avviket er løyst. Dersom den som leverar avvikskjemaet ikkje er nøgd med tilbakemeldinga kan denne påklagast til Fylkesmann.

VEDLEGG 1



LÆRDAL KOMMUNE

Avviksskjema for påstand om utilstrekkelege mottaksforhold av avfall

Skipet/båten sitt namn, kjenningssignal eller IMO identifikasjonnummer:

.....

Meldar sitt namn og kontaktinformasjon:

Namn:

Adresse:

Epost:

Mobilnr:

Anløpstidspunkt:.....

Beskriving av det utilstrekkelege mottaksforholdet:

.....
.....
.....
.....
.....
.....
.....
.....
.....
.....
.....

Dato og klokkeslett:..... Signatur:.....

Skjemaet skal sendast til hamneansvarleg. Hamneansvarleg skal då innan tre veker gje ei tilbakemelding på korleis avviket skal behandlast eller løysast. Om dette ikkje førekjem eller tilbakemeldinga er mangelfull, kan ein be om ytterligare opplysningar. Ein kan og klage til fylkesmannen.